



NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT
 LITLESVEIEN 47 - 5090 NYBORG

Tyding

01234 10.3.65
NORDHORDLAND
SØRENKRIVAREMBETE

Utskrift
av

rettsboka for Ytre Nordhordland jordskifterett for det som
etterstående vedkjem:

XXXXXXXXXXXXXXXXXX

År 1954 den 28. juni ble jordskifterett
holdt i huset til Olav Risa på gården Risa,
gnr. 123 i Lindås herred.

Rettsens formann: Jordskiftedommer Bernt Nævdal.

Jordskiftemenn: Gardbr. Olaf Andreassen Holmås, Vågseidet.

" Annanias Skauge, Myking.

Sak nr. 6/1952. Forlangende av 13. mai 1952 om jordskifte
av Risa inn- og utmark.

Rekvirenter: Kristoffer Risa, Julius O. Risa og Lars Riisa.

Til stede:

For bnr. 1, 8, 16 og 17 møtte Trygve Risa v/fullmakt fra

M. J. Risa.

" " 2,

" Konrad Risa.

" " 3

" Johannes Tyborgöy.

" " 4

" Jetmund Kårdal.

" " 5

" Julius J. Risa.

" " 6

" Kristoffer Risa og

Julius O. Risa.

" 7 eier

Lars Risa.

" 9

Johannes J. Risa.

" 10

Olav Risa.

Risasjøen meieri v/formannen Mons Kjeilegavlen.

bnr. 11 solgt til frk. Åsen. Ingolf Ulvöen er död,
ingen møtte.

bnr. 12

Malvin Kvalheim.

" 13

ingen.

For fotostatkopien betalt kr. 100,-
12/3 1998.
Nordhordland Sørenskrivarembete,
N. Sivertsen, bnr.

bnr. 14 v/Johannes J. Risa.

" 15 "

" 18 Olav Bakke.

Lars J. Risa for Aabörskjøret (se pantobligasjon).

Rettens formann gjorde jordskiftemennene oppmerksom på at de er utelukket for å gjøre tjeneste, dersom de er i noe tilfelle som er nevnt i § 106 eller § 107 i domstolloven. Han oppfordret jordskiftemennene og partene til å si fra om det for deres vedk. forelå slike omstendigheter som er nevnt i § 108 i domstolloven.

Annianas Skauge møter istedetfor Berge Monsen Aske-land og er oppnevnt av jordskiftedommeren i medhold av jordskiftelovens § 9, siste ledd. På tilspørsal erklarte samtlige møtende at de intet hadde å innvende mot rettens sammensetning.

Rettens formann erklarte retten for lovlig satt.

Begge jordskiftemenn har avgitt forsikring for.

Et område ved sjøen rundt d/s kaien ble ved utskiftingen av 1882 ikke utskiftet. Dette område ble utlagt til felles bruk, og her har forskjellige bruk i Risa naust m.v. Dette fellesskap er idag forlangt utskiftet av eieren av bnr. 1 ved Trygve Risa, av bnr. 2 ved Konrad Risa, av bnr. 3 ved Johannes Tyborgöy, av bnr. 4 ved Jetmund Kårdal og bnr. 5 ved Julius J. Risa.

Jordskifteretten er enstemmig kommet til det resultat at dette fellesskap helt eller delvis lar seg utskifte, men på den måte og i den utstrekning en senere finner det formålstjenlig. Retten besluttete derfor å fremme dette krav.

Fellesskapet eies av bnr. 1 med 36 merker, bnr. 2 med 36 merker, bnr. 3 og 4 tils. med 30 merker, bnr. 5 med 30 merker og bnr. 6 og 7 tils. med 24 merker..

Det ble besluttet at kart i målestokk 1:500 skal tas opp over fellesskapet.

Loddeierne plikter å yte den nødvendige håndlangerhjelp.

Med hjemmel i jordskiftelovens § 23 besluttet at bygging av hus (naust) innen området ikke må skje fra nå av og til jordskiftet er sluttet.

Varsel om nytt møte sendes eieren av bnr. 2, Konrad Risa, som snarest har å varsle de andre loddeiere.

Rettsboken ble lest opp i påhør av de møtende parter: Trygve Risa, Johannes Tyborgøy, Konrad Risa, Jetmund Kårdal, Julius J. Risa, Kristoffer Risa, Julius O. Risa, Lars Risa og Olav Risa.

På forespørsel fremkom ingen merknad mot ledelsen eller det protokollerte.

Opplest og vedtatt.

Retten hevet.

Risa den 29. juni 1954.

Bernt Nævdal. (s.)

Ananias Skauge. (s.)

Olaf Holmås. (s.)

År 1964 den 11. november vart jordskifterett atter sett på gnr. 123, Risa i Lindås herad i huset til Julius J. Risa.

Rettsformann: Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn: 1. Lars Ludvigsen Holmås, Vågseidet.

2. Einar Hopland, Hundvin.

Den første møter som endeleg oppnemnd. jordskifte-
mann etter oppnemning av 18/5-1954, men rettsformannen
refererte nest siste avsnitt i skriv av 25. mars 1954 under-
teikna av M. J. Risa m.fl. Den siste møter etter oppnemning
etter § 9 siste ledd i jordskiftelova for å tenestegjera i
dette møtet, då baa dei oppnemnde varamenn er døde og den
oppnemnde jordskiftemann Berge Monsen Askeland har meldt
lovleg forfall til saka.

Rettsformannen gjorde dei møtande serskilt merksam
på skrivet av 25. mars 1954, og las deretter opp §§ 106-108
i domstollova. Etter serskild tilspurnad var der ingen som
hadde noko å innvenda mot retten si samansetjing, og retten
sa seg samrøystes gild i saka.

Protokollfører: Jordskiftelandmålar Arne Schau.

Sak nr. 6^b/1952 - utsett etter rettsmøte av 29. juni 1954,
og jordskiftet vedkjem det sams-naustom-
rådet ved Risasjøen.

Partar i saka er desse:

Eigar av gnr. 123, bnr. 1, Dagfrid Bakke,	Risasjøen.	
" " " 123, " 2, Conrad Risa,	"	
" " " 123, " 3, Johannes Tyborgøy,	"	
" " " 123, " 4, Agnes Lie,	"	
" " " 123, " 5, Julius J. Risa,	"	
" " " 123, " 6, Julius O. Risa,	"	
	Lars O. Risa,	"
	Olav O. Risa,	"
" " " 123, " 7, Lars O. Risa,	"	
Bruksrett-		
eigar av gnr. 123, " Lars J. Risa, Stølegt. 12, Bergen.		

Tilstøytande granne:

Eigar av gnr. 123, bnr. 9, Johannes J. Risa, Risasjøen.

Saka gjeld: Framhald av jordskifte av det sams naustområdet til gnr. 123, bnr. 1-7, Risa i Lindås herad.

Til stades i retten var: Dagfrid Bakke, Conrad Risa, Johs. Tyborgöy, Agnes Lie, Julius J. Risa, Julius O. Risa, Lars O. Risa, Olav Risa og Johs. J. Risa, Lars J. Risa var lovleg varsla man møtte ikkje.

Båe jordskiftemennene hadde för gjeve den påbodne lovnad som jordskiftemenn.

Framlagt i retten vart:

2. Skriv av 25/5-1964 frå Dagfrid Bakke m.fl.
3. Gjenpart av skriv av 26/8-1964 frå jordskiftedommaren i Ytre Nordhordland til Conrad Risa m.fl.
4. Skriv av 22/10-1964 frå Dagfrid Bakke m.fl.
5. Skriv av 2/11-1964 frå Malfred Askeland der han melder forfall til dette rettsmötet for far sin Berge Monsen Askeland.
6. Kart i 1/500 over naustområdet ved Risasjøen til gnr. 123, Risa i Lindås herad, oppmålt 1964 av Sverre Aardal.

Dessutan vart hatt til stades i retten:

Avskrift av utskifting for Risa inn- og utmark av 25. mai 1882. Avskrift av overutskifting av 10. juli 1882.

Skylddelingsforretning av 22. april 1931 vedkomande gnr. 123, bnr. 7.

Det framlagde jordskiftekart fekk partane høve til å sjå, og der kom ingen merknad til kartet.

Johannes J. Risa, eigar av bnr. 9 godkjende den på

kartet og i marka avlagde yttergrense.

Deretter ba rettsformannen partane om å uttala seg om delingsgrunnlaget for sameiga, og rettsformannen gjorde partane merksame på at dei naustrettar som partane hadde innan sameiga truleg var serlege bruksrettar for dei respektive bruk, og partane vart gjorde merksam på at dette kunne få rettsleg innverknad på delingsgrunnlaget. Deretter fekk partane høve til å dröfta dette i einerom. Deretter krov alle partane at sameiga skulle delast etter den eldste skyld.

Deretter gjekk jordskifteretten saman med partane i marka og partane fekk høve til å koma fram med slike ting som dei meinte kunne ha innverknad på jordskiftet.

Deretter granska jordskifteretten jordskiftefeltet i marka og fann samröystes at sameiga måtte delast etter den eldste skyld for dei ymse bruk, og dessutan måtte ein ta omsyn til dei tidlegare bruksrettar som dei ymse bruk har hatt för skiftet.

Jordskifteretten fann det rettaste å leggja ein skifteplan der dei ulike nye lodd vart totalvurderte etter retten sitt skjön under eitt for dei einskilde lodd.

Etter dei her nemnde retningsliner arbeidde retten ut eit planframlegg som vart synt partane i marka den 12. november. Deretter fekk partane høve til å uttala seg om planframlegget.

Til planframlegget kom desse merknader:
Eigaren av bnr. 1, Dagfrid Bakke, ville ikkje at nokon skulle ha fortöyningsrett nord for sjöhuset sitt. Ho ville ikkje ha grensa på nordsida av sjöhuset sitt for nær inn til sjöhuset, og dessutan tykte ho grensa ved söraustre

sjöhushjørna kom for nær dette.

Eigaren av bnr. 2, Conrad Risa, tykte at grensa for nausttomta si burde flyttast noko austover for austre grensa.

Eigaren av bnr. 3, Johs. Tyborgöy, ville helst ha sitt utlagt i eitt stykkje, og dessutan krov han fortöyningsrett annan stad innan feltet.

Eigaren av bnr. 4, Agnes Lie, sa at ho helst ville hatt naustet der det sto, men var elles nögd med planframlegget.

Eigaren av bnr. 5, Julius J. Risa, hadde ingen merknad til planframlegget.

Julius O. Risa for bnr. 6 og 7 hadde ingen merknad til planframlegget, men krov fortöyningsrett ved Oberstskjæret.

Deretter tok retten planen opp til ny vurdering etter dei framsette merknader, og grensa for bnr. 2 vart forskyvd og grensa for sjöbua til bnr. 1 vart endra slik at ho vart noko rommare.

Deretter vart planen fastlagt slik som nedanfor skreve.

Grensemerka vart deretter utsett i marka og grensene for det sams naustområdet ved Risasjøen til gnr. 123, bnr. 1-7 vert å skriva slik:

1. Yttergrensa.

Mot nordaust og söraust grensar jordskiftefeltet mot gnr. 123, bnr. 9, eigar Johannes J. Risa, og grensa tek til i marbakken i sjöen og går i rett line SA til strandlina, herfrå same retning ca. 1,5 m til kross i fjell (1), same retning 17,3 m til kross i fjell (2), same retning 24,7 m til kross i fjell (3) ca. 1 m frå vegen, same retning frå sist skrevne merke 7,8 m til kross i fjell (4) ca. 2 m söraust for vegen, same retning 47,9 m til kross i fjell (5), her vinklar

grensa og går i rett line VSV. 61,4 m til kross i fjell (6), 2,0 m frå den offentlege vegen, same retning frå sist skrevne punkt 9,8 m til kross i stein (7), 2,3 m frå vegen, herfrå 24,0 m til kross i fjell (8) på høgaste haugen, her vinklar grensa og går i rett line SV t. V 8,1 m til kross i fjell (9), same retning 19,4 m til kross i fjell (10), same retning 1,0 m til strandlina og same retning til djupaste partiet i sundet. Herfrå går grensa i nordleg og vestleg hovudretning på austsida av Flyteskjæret først etter det djupaste parti i sundet og sidan etter marbakken fram til utgangspunktet for yttergrensa.

2. Skiftegrensene.

Grensene innan skiftefeltet vert å skriva slik:

Grense 1. grensemerka 11-13, mellom gnr. 123, bnr. 3, eigar

Johannes Tyborgöy på nordaustsida og gnr. 123, bnr. 1, eigar Dagfrid Bakke på motsette sida, tek til i veg nr. 2 og går i rett line NV t V 2,0 m til kross i fjell (11), same retning 18,2 m til kross i fjell (12), her vinklar grensa og går i rett line VNV 12,2 m til kross i fjell (13), her vinklar grensa og går i rett line VSV (i retning mot det austlegaste hjørna av sjøbua til Lars J. Risa) ca. 2,5 m til strandlina og vidare i same retning til marbakken.

Grense 2. grensemerka 14-17, mellom gnr. 123, bnr. 1 på

nordaustre sida og gnr. 123, bnr. 4, eigar Agnes Lie på motsette sida, tek til i veg nr. 2 og går i rett line NV t V 1,7 m til kross i fjell (14), same retning 10,7 m til kross i fjell (15), same retning 10,9 m til kross i fjell (16), her vinklar grensa og går i rett line V 4,0 m til kross i fjell (17), same retning 0,5 m til strandlina og vidare til marbakken.

Grense 3. grensemerka 18-20, mellom gnr. 123, bnr. 4 på nord-
austsida og gnr. 123, bnr. 2, eigar Conrad Risa på
motsette sida, tek til i veg nr. 2 og går i rett line N t V.
2,5 m til kross i stein (18), same retning 9,2 m til kross i
fjell (19), her vinklar grensa og går i rett line NV t V 19,1 m
til kross i fjell (20), same retning 3,0 m til strandlina og
vidare i same retning til marbakken i sjöen.

Grense 4. grensemerka 21-23, mellom gnr. 123, bnr. 2 på nord-
austre ~~sida~~ og gnr. 123, bnr. 5, eigar Julius J. Risa
på motsette sida, tek til i veg nr. 2 og går NV t N i rett
line 2,3 m til kross i fjell (21), same retning 18,8 m til
kross i fjell (22), same retning 8,8 m til kross i fjell (23),
same retning 1,0 m til strandlina og vidare i same retning
til marbakken i sjöen.

Grense 5. grensemerka 24-26, mellom gnr. 123, bnr. 5 på söre
og austre sida og gnr. 123, bnr. 1 på motsette sida,
tek til i veg nr. 1 og går NA i rett line 0,5 m til kross i
stein (24), same retning 1,3 m til kross i stein (25), her
vinklar grensa og går N i rett line 2,1 m til kross i fjell
(26), same retning 1,0 m til strandlina og same retning til
marbakken i sjöen.

Grense 6. grensemerka 27 og 28, mellom gnr. 123, bnr. 1 på sør-
austre sida og sameige for gnr. 123, bnr. 1-7 på
motsette sida, tek til ved den offentlege haldeplassen og går
NA i rett line 0,7 m til kross i fjell (27), same retning
2,5 m til kross i fjell (28) og same retning til marbakken.

Grense 7. grensemerka 9 og 29, mellom gnr. 123, bnr. 3 på
sörvestre sida og gnr. 123, bnr. 1 på motsette sida
tek til i grensemerke 9 i yttergrensa og går i rett line NNV
9,9 m til kross i fjell (29).

Grense 8, grensemerka 29 og 30, mellom gnr. 123, bnr. 3 på söraustre sida og gnr. 123, bnr. 6, eigarar Julius O. Risa, Lars O. Risa og Olav O. Risa på motsette sida, tek til i grensemerke 29 og går VSV i rett line 13,2 m til kross i fjell (30), same retning 2,5 m til strandlina og same retning til yttergrensa i sjöen.

Grense 9, grensemerke 29, mellom gnr. 123, bnr. 1 på austre sida og gnr. 123, bnr. 6 på motsette sida, tek til i grensemerke 29 og går NNA i rett line 2,5 m i retning mot grensemerke 34.

Grense 10, grensemerka 31-33, mellom gnr. 123, bnr. 1 på söraustre sida og gnr. 123, bnr. 4 på motsette sida, tek til i endepunktet av grense 9 og går ANA i rett line 4,1 m til kross i fjell (31), same retning 15,0 m til kross i fjell (32), same retning 7,6 m til kross i stein (33) og same retning 2,3 m til bygdevegen.

Grense 11, grensemerka 34 og 35, mellom gnr. 123, bnr. 4 på austre og söraustre sida og gnr. 123, bnr. 6 på motsette sida, tek til i endepunktet av grense 9 og går NNA i rett line 20,8 m til kross i fjell (34), her vinklar grensa og går NA t A i rett line 4,9 m til kross i fjell (35) og same retning 3,5 m til bygdevegen.

Grense 12, grensemerka 36-38, mellom gnr. 123, bnr. 6 på nordaustre og söre sida og gnr. 123, bnr. 7, eigar Lars O. Risa på motsette sider, tek til i den offentlege haldeplassen og går SA t S i rett line 2,0 m til kross i fjell (36), same retning 17,9 m til kross i fjell (37), her vinklar grensa og går V t S 13,3 m til kross i fjell (38), same retning 0,8 m til strandlina og same retning til yttergrensa i sjöen.

Grense 13, grensemerka 39-41, mellom gnr. 123, bnr. 2 på söraustre sida og gnr. 123, bnr. 5 på motsette sida, tek til i veg nr. 2 og går A t N i rett line 1,0 m til kross i fjell (39), same retning 10,8 m til kross i fjell (40), her vinklar grensa og går NA t N i rett line 10,3 m til kross i fjell (41) og same retning 1,4 m til yttergrensa..

3. Lotting.

Med dei framanfor skrevne grenser vert naustområdet ved Risasjøen til gnr. 123, bnr. 1-7 skift soleis:

Litra A, bnr. 1, av skyldmark 1,95, eigar og brukar

Dagfrid Bakke, er utlagt med 3 teigar:

1. Naustteigen, omgjeven av grense 1, veg nr. 2, grense 2 og sjöen.
2. Sjønausteigen, omgjeven av grense 5, den offentlege bygdevegen, haldeplassen, grense 6 og sjöen.
3. Teigen vest for bygdevegen, omgjeven av yttergrensa frå bygdevegen til grensemerke 9, grense 7, 9, 10 og bygdevegen.

Litra B, bnr. 2, av skyldmark 1,92, eigar og brukar

Conrad Risa, er utlagt i to teigar:

1. Naustteigen, omgjeven av grense 4, nordre kant av veg nr. 2, grense 3 og sjöen.
2. Teigen söraust for bygdevegen, omgjeven av bygdevegen, söraustre kant av veg nr. 2, grense 13 og yttergrensa frå grense 13 söraust og sørvestover til bygdevegen.

Litra C, bnr. 3, av skyldmark 1,07, eigar og brukar

Johannes Tyborgöy, er utlagt i 2 teigar:

1. Naustteigen, omgjeven av grense 1, vestre kant av veg nr. 2, yttergrensa nordvestover til sjöen og sjöen.
2. Sönste teigen, omgjeven av grense 8, grense 7, yttergrensa

sörvestover til sjöen og sjöen.

Litra D, bnr. 4, av skyld mark 1,07, eigar og brukar

Agnes Lie, er utlagt i to teigar:

1. Naustteigen, omgjeven av grense 2, vestre kant av veg nr. 2, grense 3 og sjöen.
2. Teigen sörvest for bygdevegen, omgjeven av grense 10, 11 og bygdevegen.

Litra E, bnr. 5, av skyldmark 2,09, eigar og brukar

Julius J. Risa, er utlagt i 2 teigar:

1. Naustteigen, omgjeven av grense 4, nordre kant av veg nr. 2, bygdevegen, grense 5 og sjöen.
2. Austre teigen, omgjeven av yttergrensa frå veg nr. 2 söraustover til eit punkt 27,9 m frå grensemerke 4, grense 13 og austre kant av veg nr. 2.

Litra F, bnr. 6, av skyldmark 1,41, eigarar Julius O. Risa,

Lars O. Risa og Olav O. Risa, er utlagt i ein teig; omgjeven av grense 8, 9, 11, sörvestre kant av bygdevegen, söre kant av den offentlege haldeplass; grense 12 og sjöen.

Litra G, bnr. 7, av skyldmark 0,30, eigar og brukar

Lars O. Risa, er utlagt i ein teig omgjeven av grense 12 og sjöen.

Litra A-G, bnr. 1-7, er utlagt sams teig, omgjeven av den offentlege haldeplass, grense 6 og yttergrensa i sjöen.

Innanfor den her skrevne sams teig har Lars J. Risa sine bruksrettar i samsvar med pantebrev av 17/1-1923, tgl. 6/4-1926 og auksjonsskjöyte av 6/4-1926. Dei her nemnde bruksrettar er urörde av saka og vert som för.

4. Vegar.

I samband med jordskiftet er desse vegar utlagde:

Veg nr. 1, bygdevegen, går som avlagt på kartet frå yttergrensa 2,3 m nordaust for grensemerke 7 og går nordvestover og kjem i samband med den offentlege haldeplass som også er avlagt på kartet, og bae er urørde av saka og vert som før.

Veg nr. 2, veg fram til bnr. 9, går som avlagt på kartet frå bygdevegen ca. 10 m nord for grensemerke 7 nordaust- og nordover fram til yttergrensa 2 m nordvest for grensemerke 4. Veggen er eigedomsrett for gnr. 123, bnr. 9, men gnr. 123, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 7 har full bruksrett til veggen, og rett til å koma inn på veggen med innkjörsler frå dei i denne sak skrevne lottar.

Veg nr. 3, gangveg frå haldeplassen fram til bnr. 3 sin sönste teig. Veggen går som avlagt på kartet frå haldeplassen langs grense 12 fram til grensemerke 37 og vidare sörover til grense 8 ca. 1,5 m vest for grensemerke 29. Veggen er til bruk for bnr. 3.

5. Båtfester og böyer.

Eigaren av gnr. 123, bnr. 3 har rett å festa robåt i fortöyningsbolt ved grensemerke 28 på Oberstskjæret. Det andre festet for båten skal vera i austre og nordre hjørna av trappa nord for sjöbua til bnr. 1. Bnr. 1 har rett å endra på dette båtfestet dersom bnr. 1 lagar ein innretning for feste som er like tenleg for bnr. 3.

Eigaren av bnr. 9 eller bruk utskilde frå bnr. 9 har rett å setja fortöyningsboltar i sjöstranda på bnr. 3 sin sönste teig i ein avstand nordover av 8 m. Dersom det her vert bygt naust av bnr. 3, skal dei ovanfor nemnde også ha

rett å setja fortöyningsboltar på vestsida av det då oppførde naust.

Bnr. 1 og 4 skal leggja ut sams böye for bruk av sine naustteigar, og like eins skal bnr. 2 og 5 leggja ut sams böye for bruk av sine naustteigar. Dei her nemnde böyer skal leggjast med så stor avstand at der vert god utsigling frå alle naustteigane.

Bnr. 1 har rett til å ha båtffeste i bolt på sameiga ved grensemerke 28 på Oberstskjæret.

Bnr. 6 og 7 har rett å setja ut rage (festestang) til feste av båt i samband med sine naustteigar. Desse må ikkje koma nærare midtlaupet i sundet enn 3.m.

6. Flytting av naust.

Eigaren av bnr. 4, Agnes Lie, vert pålagt å flytta naustet sitt som etter jordskiftet vert ståande på bnr. 2 sin nye teig. Denne flytting skal vera utført innan 15. mai 1966.

For denne flytting skal bnr. 4 ha ein erstatning av kr. 700,00 - sjuhundre kroner - som vert å betala av dei andre partar slik:

Eigaren av bnr. 1,	Dagfrid Bakke	med	kr. 190,00
" " " 2,	Conrad Risa	" "	190,00
" " " 3,	Johs. Tyborgöy	" "	80,00
" " " 5,	Julius J. Risa	" "	<u>160,00</u>
		Sum:	kr. 620,00
Bnr. 4 svarar sjölv i flyttinga		"	<u>80,00</u>
	Sum flyttingsgodtgjersle:	kr.	700,00

Dei ovanfor nemnde summer for dei ymse bruk skal vera betalte til eigaren av bnr. 4 innan 15. mai 1966, men like vel kan ikkje flyttingsgodtgjersle krevjast utbetalt

för naustet er bortflytta frå bnr. 2.

7. Jordskiftekostnader:

	<u>Sum</u>	<u>kr.</u>	<u>548,80</u>
som etter retten sitt skjön vart delt på partane soleis:			
Eigaren av bnr. 1, Dagfrid Bakke	kr.	115,00	
" " " 2, Conrad Risa	"	115,00	
" " " 3, Johs. Tyborgøy	"	51,00	
" " " 4, Agnes Lie	"	51,00	
" " " 5, Julius J. Risa	"	100,00	
" " " 6, Julius, Lars og Olav O. Risa"		50,80	
" " " 7, Lars O. Risa	"	36,00	
" " " 9, Johannes J. Risa	"	<u>30,00</u>	
	<u>Sum</u>	<u>kr.</u>	<u>548,80</u>

Jordskiftekostnadene vart av alle partane betalt på staden, men Johannes J. Risa som eigar av gnr. 123, bnr. 9, betalte kr. 30,00 i jordskiftekostnader og ville ha tilført rettsboka at denne betalinga vart gjort mot protest frå han då han ikkje hadde noko med hopehavet å gjera.

Jordskiftemennene vart utbetalte.

No vart framlagt i retten: pantebrev vedkomande Kristoffer Risa i Landsbanken L/L av 17/1-1923, tgl. 6/4-1926. Auksjonskjöyte av 6. april 1926 vedkomande sist nemnde bruksrett.

8. Ymse.

Den tinglyste avskrift av saka saman med kopi av jordskiftekartet vert å taka vare på av eigaren av bnr. 5 til sams bruk for alle interessera.

9. Iverksetjing.

Det framanfor skrevne jordskiftet av naustområdet ved

Risasjøen under gnr. 123, bnr. 1-7 vert sett i verk etter
lova den 1/2-1965.

10. Kunngjering.

Saka vart kunngjord etter at tid og stad var
gjort kjent for dei interessera den 13. november 1964 i
huset til Julius J. Risa ved opplesing av rettsboka, og
til stades ved opplesinga var: Olav O. Risa, Lars O. Risa,
Dagfrid Bakke, Agnes Lie, Julius O. Risa, Conrad Risa,
Johannes Tyborgöy, Julius J. Risa, og Johannes J. Risa.

Bnr. 6 og 7 er friteken for flyttingskostnader då
bnr. 6 har grunnmurar for naust som bruket må flytta frå
ved jordskiftet.

Ved grenseavmerkinga av yttergrensa i samband med
kartlegginga vart partane samde om båtfeste som i denne sak
no er skrevne på bnr. 3 sin nye lodd.

Rettsformannen gav opplysing om reglane for anke
og las opp §§ 59, 61, 62, 64, 66, 67, 69, 70 og 102 i
jordskiftelova.

På tilspurnad frå rettsformannen kom der ingen
merknad til føringa av rettsboka.

Retten heva.

Risa i Lindås den 13. november 1964.

Sverre Aardal. (s.)

Lars L. Holmaas. (s.)

Einar Hopland. (s.)

Rett utskrift,

